

Til
Høyanger kommune
Sunnfjord kommune



Sogn og Fjordane Næringsråd seie ja til konsekvensutgreiing av Snøheia.

I desse tider skal kommunane Høyanger og Sunnfjord ta stilling til om det skal lagast ei konsekvensutgreiing på vindkraftprosjektet på Snøheia. Prosjektet har skapt stor motstand både lokalt og regionalt, som liknande initiativ andre stadar i landet vårt.

Denne motstanden skal vi ta på alvor. Samstundes må vi alle ta inn over oss at nei til objektiv kunnskap er ei klar ansvarsfråskriving. Landet vårt er i ein kritisk situasjon for å kunne nå klimamåla og vi kjem til å mangle svært mykje straum for å kunne gjennomføre det grøne skifte. Knapt nokon gong har det kome så lite ny fornybar kraftproduksjon som no.

I følgje Statnett sine prognosar vil kraftoverskotet falle dramatisk dei komande åra og allereie i 2027 vil vi mangle 2 TWh. Sjølv om vi har bra tilgang til straum no vil også innbyggjarane og næringslivet få merke at det blir for lite straum til nyetablering og viktig næringsutvikling. Snøheia er eit godt døme på dette.

Både Hydro og Elkem har viktige hjørnestearinsbedrifter i Sogn og Fjordane. Grunnlaget for denne aktivitetene er stabil tilgang på straum til konkurransedyktige prisar. Når dei har sikra krafttilgang har investeringane kome. Alltid i den rekkekølgja. Sjefen for aluminiumsproduksjonen i Hydro, Johan Berg, seier dette i Firda 9. september i år: «Vi har stor tru på prosjektet på Snøheia, difor er vi veldig tydelege, og ber om å få alle fakta på bordet og får belyst prosjektet, slik at vi kan ta den rette avgjerd. Det er ein alvorleg situasjon for Hydro Høyanger, med å sikre nok kraft, slik at vi kan fortsette å investere og sikre drifta vidare». Når Hydro i Høyanger er heilt klare på at dei må ha sikker tilgang til kraft til konkurransedyktige prisar allereie frå 2030 er det ingen grunn til å tvile på dette. Det syner historia oss i klartekst. Derfor blir det feil å trekke dette i tvil. Det har vi verken kunnskap eller kompetanse til.

Alle dei flotte kraftselskapa våre er eigmenn av norske offentlege eigara. Dei ønskjer ei berekraftig utvikling i Vestland og legge til rette for at næringslivet i Vestland og i Sogn og Fjordane kan ta del i det grøne skiftet og skape ny næringsutvikling. Eviny sine målsettingar er å ha tilstrekkeleg tilgang på fornybar kraft til industrien og viktige hjørnestearinsbedrifter og bidra til kraftbalansen. Dei ønskjer å bidra til lokale ringverknader både i form av produksjonsavgifter, eigedomskatt, inntekter til lokale grunneigarar, og ikkje minst ta omsyn til viktige naturverdiar. I tillegg ønskjer dei lokal avgjerd i kommunane og lokal medverknad både i planlegging og utforminga av kraftanlegg. Det er ingen grunn til at motstandarane av ei objektiv konsekvensutgreiing i Snøheia skal mistenkeleggjere alt dette.

Både energiminister Terje Åsland og kommunalminister Erling Sande stadfesta at staten ikkje skal overprøve kommunane. Dette er henta frå eit lesarinnlegg i Firda 8. november: «La oss vere klare på at statleg reguleringsplan for vindkraft i praksis vil vere uaktuelt. Kommunane har og skal ha siste ordet i spørsmålet om det skal byggjast ut eit vindkraftverk eller ikkje. Kommunane styrer no kva prosjekt dei vil ta vidare til planbehandling, og NVE kan ikkje gi konsesjon til eit vindkraftprosjekt utan at det aktuelle området er planavklart.»


Med bakgrunn i det som har skjedd i sakene om vindkraft på land siste åra er det utenkjeleg at dette blir endra av eit fleirtal i Stortinget.



Sogn og Fjordane er mellom dei områda som har hatt størst glede og nytte av dei naturbaserte næringane. Dette er ein av dei største fordelane vi har i høve til verdiskaping og sysselsetting. Desse verdiene kan vi ikkje berre hente ut, men dei må skapast av enkeltpersonar og bedrifter som våger å satse og våger å ta risiko. Desse personane og bedriftene må vi heie på kvar einaste dag. Dersom dei ikkje lukkast vil det gå ut over både busetnad og lokal og nasjonal verdiskaping. Dette gjeld også for Hydro sitt ønskje om langsiktig avtale om kraft til konkurransedyktige prisar i Høyanger.

Når det gjeld Snøheia er det i første omgang avgjerande å kome vidare med ei objektiv konsekvensutgreiing som syner alle sider av ei slik utbygging og som bygger på fakta, ikkje meir eller mindre kvalifisert synsing. Derfor meiner Sogn og Fjordane Næringsråd at Høyanger kommune og Sunnfjord kommune må ta det ansvaret det er å støtte ei konsekvensutgreiing av Snøheia.

Sogndal/Hornindal 17. november 2024


Yngve Hallén
Styrelseiar


Bjørn Lødemel
Dagleg leiar

Kopi:
Hydro Høyanger
Eviny